



Jostedalsbreen
nasjonalparkstyre

Møteinnkalling

Utval:	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre
Møtestad:	E-postmøte
Dato:	06.07.2026
Tidspunkt:	17:00

E-postmøte

To saker som av ulike grunnar har vorte liggjande lenge men som hastar å få avgjort.

Om de er einige i innstillingane i desse saken så svarar de OK og OK på epost til tor.arne.hauge@statsforvalteren.no . Om de har spørsmål så ta kontakt på tlf 90 19 24 71.

Med venleg helsing,
Trygve Snøtun og Tor Arne Hauge
Nasjonalparkforvaltarar

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 25/26	Jostedalsbreen nasjonalpark - Bruk av kommersielt merke - Elvepurka		2026/11562
ST 26/26	Jostedalsbreen nasjonalpark - Bøyabreen - motorferdsel med helikopter- utviding av løyve - Falkeblikk AS		2026/7825



Arkivsaksnr: 2026/11562-2

Sakshandsamar: Tor Arne Hauge

Dato: 05.07.2026

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	25/26	06.07.2026

Jostedalsbreen nasjonalpark - Bruk av kommersielt merke - Elvepurka

Innstilling frå forvaltar

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gjev Elvepurka AS ved Andrew Cullens og Anna Zäll løyve til å nytte det kommersielle merket for Jostedalsbreen nasjonalpark i tråd med designmanualen for Norges nasjonalparker. Elvepurka AS driv med aktivitetsturisme i nærområdet ved Jostedalsbreen nasjonalpark og stettar kriteria for bruk av merket.

Avtalar om bruk av kommersielt merke har forpliktande vilkår, og løyvet til bruk kan ved misbruk trekkjast tilbake. Avtalen skal signerast elektronisk av styreleiar i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre og dagleg leiar i Elvepurka AS.

Saksopplysningar

Dokument i saka

- Rettleiar – søknad om bruk av kommersielt merke for Jostedalsbreen nasjonalpark – vedteken av Jostedalsbreen nasjonalparkstyre 25.04.2022.
- Designmanual for Norges nasjonalparker - <https://designmanual.norgesnasjonalparker.no/kommersielt-merke/retningslinjer>
- Søknad frå Elvepurka - datert 05.03.2026

Søknaden

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre har fått søknad om å nytte logoen til Jostedalsbreen nasjonalpark til kommersielt bruk i samband med aktivitetsverksemda Elvepurka ved Andrew Cullens og Anna Zäll i Jostedalen. Søknad er sendt inn via standard søkeskjema i samsvar med merkevareordninga.

Verksemda søker om å nytte logoen «Lokalisert ved» og «Skjer i» Jostedalsbreen nasjonalpark, primært på nynorsk og engelsk. Desse logoane ønskjer dei å nytte slik:



«Skjer i»:

- Heimesida (www.icetroll.com). Her er også linkar til Jostedalsbreen og Breheimen nasjonalparker.
- «Footer» på nettsida.
- Icetroll si brosjyre.
- T-skjorter og etikettar i lag med eigen logo.

«Lokalisert ved»:

- Fysiske skilt ved møtestadar saman med eigen logo.
- Nettsida under «kontakt oss».

I designmanualen for Noregs nasjonalparker er det lagt til rette for at verksemder som geografisk kan knytast til ein nasjonalpark kan søkje om løyve frå nasjonalparkstyra om å nytte eit spesiallaga merke. Det kommersielle merket/logoen frå nasjonalparken kan nyttast saman med verksemda sin eigen logo i marknadsføring av eit produkt, teneste eller aktivitet. Nasjonalparkstyret skal handsame søknader om kommersiell bruk av merkevara Noregs nasjonalparker og er dei som kan gje tillating. Nasjonalparken skal ha godkjent besøksstrategi før tillatingar blir gjevne.



I søknaden/avtalen går det fram at dei kommersielle logoane:

- berre representerer ei geografisk tilknytning til ein nasjonalpark
- ikkje er eit kvalitetsmerke



- ikkje representerer godkjenning, finansiering eller anna støtte frå forvaltningsstyresmakta

Kven kan bruke logoane?

- Verksemdar eller organisasjonar som opererer i eller ved ein nasjonalpark, og som tilbyr tenester i nasjonalparken eller produkt frå området
- Aktørar som arrangerer tidsavgrensa aktivitetar i eller ved ein nasjonalpark

Andre sentrale punkt:

- Logoane er varemerkebeskytta
- Dei må ikkje brukast på ein måte som skader omdømet til nasjonalparkane
- Dei må brukast saman med eigen verksemdslogo
- Det skal vere tydeleg kven avsendar er
- Logoane kan ikkje endrast, seljast vidare eller distribuerast
- Misbruk kan føre til at løyvet vert trekt tilbake
- Nasjonalparkstyret kan fastsetje tilleggsvilkår etter lokale tilhøve

Vurdering

Elvepurka er eit aktivitetsselskap i Jostedalen som starta i 2003. Opphavelag, og enno, er det fokus på kombinasjonen mellom kajakkpadling og brevandring ved ulike brearmar i Jostedalen, men selskapet har med tida utvida tilboda sine med rafting i Jostedøla og zipline. Verksemda har i dag 15-20 guidar sommarstid og er viktig for det aktivitetsbaserte reiselivet i regionen.

Sesongen til Elvepurka mot Jostedalsbreen startar i mai med padle- og breturar ved Nigardsbreen. Når forholda tillet det blir aktiviteten flytta til Tunsbergdalsbreen og Austdalsbreen, alt etter når brevatna er isfrie. Rafting- og ziplineaktiviteten føregår frå Breheimsenteret og nedover hovuddalføre. For meir informasjon: www.icetroll.com.

I designmanualen for Noregs nasjonalparkar går det fram at verksemdar som har utgangspunkt i eller ved ein nasjonalpark kan nytte det kommersielle merket etter søknad til forvaltningsstyresmakta. Merket skal kunne nyttast til marknadsføring av til dømes eit produkt og seie noko om geografisk tilknytning til ein nasjonalpark. Merket er ikkje eit kvalitetsstempel, og representerer heller ikkje ei godkjenning eller finansiell støtte frå nasjonalparkstyret.

Kriterium for bruk:

- Det kommersielle merket skal ikkje nyttast på ein måte som kan skade omdømme til Noregs nasjonalparkar, eller stride mot retningslinjer eller føremål for nasjonalparken.
- Verksemda sin eigen logo skal alltid vere saman med nasjonalparken sin kommersielle logo for å vise kven som står bak produktet.
- Merket skal ikkje endrast i form, tekst og utsjånad.
- Merket kan ikkje seljast vidare eller distribuerast til tredjepart.



- Ved misbruk av det kommersielle merket kan løyve til bruk trekkast tilbake.

Logoen til Noregs nasjonalparker reknast som ein verdfull ressurs, der misbruk kan øydelegge verdien av denne. Difor skal det signerast bindande avtale, der kriteria framgår og som sikrar ei respektfull bruk av merket. Berre dei som har søkt om og fått tillating skal kunne nytte merket.

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre står relativt fritt til å tillate bruk av det kommersielle merket i designmanualen for Noregs nasjonalparker så lenge verksemda geografisk høyrer til området, det ikkje skadar omdømme til Noregs nasjonalparker, eller strir mot nasjonalparkens retningslinjer eller føremål.

Elvepurka er den første aktivitetsverksemda kring Jostedalsbreen nasjonalpark som har søkt om å nytte det kommersielle merket til Noregs nasjonalparker. Per no er det to verksemdar innan landbruk og matproduksjon som har løyve til å nytte det kommersielle merket. Så langt forvaltar kan sjå, stettar Elvepurka kriteria som er sett for bruk av merket. Verksemda driv med opplevingsbasert reiseliv i og kring Jostedalsbreen nasjonalpark, og er ein viktig aktør innan reiselivet i Luster. Tilknyttinga til Jostedalen og Luster, samt bruk av naturområda i og kring Jostedalsbreen for å gje besøkande gode opplevingar, gir verksemda ei geografisk kopling til nasjonalparken. Den lokale verksemda ønskjer å gje besøkande gode naturopplevingar utan at det går utover verneverdiar i nasjonalparken, noko som stettar målsettingane i besøksstrategien til Jostedalsbreen nasjonalpark. Såleis vurderer forvaltar at Elvepurka er ein god kandidat til å nytte det kommersielle merket til Jostedalsbreen nasjonalpark.



Arkivsaksnr: 2026/7825-8

Sakshandsamar: Tor Arne Hauge

Dato: 06.07.2026

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	26/26	06.07.2026

Jostedalsbreen nasjonalpark - Bøyabreen - filming - ekstra motorferdsel med helikopter- Falkeblikk AS

Innstilling frå forvaltar

Vedtak gjort av Jostedalsbreen nasjonalparkstyre, utvalssak 16/26 av 12.05.2026 vert oppheva, og nytt og utvida løyve vert gjeve.

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gjev, med heimel i naturmangfaldlova § 48, 1.ledd, Falkeblikk AS ein ny og utvida dispensasjon frå forbodet mot motorferdsel i Jostedalsbreen nasjonalpark i samband med produksjon av panoramafilm til bruk på Brævasshytta.

Løyvet gjeld på følgjande vilkår:

1. Løyve til lågtflyging med helikopter gjeld for ein dag
2. Flyginga skal skje på ein dag i perioden 7.juli - 31.august 2026
3. Flyginga bør skje mest mogeleg konsentrert i tid og unngå helgedagar og store utfartsdagar grunna omsynet til friluftslivet
4. Løyvet gjeld inntil 8 turar:
 - a. Inntil 4 turar frå Brævasshytta, opp Bøyabreen og opp på breplataet tur/retur
 - b. Inntil 4 turar opp Supphellebreen, over Flatbrehytta og ned mot Brævasshytta tur/retur
5. Helikopteret skal ikkje vere synleg på den ferdige filmen
6. Flyginga med helikopter skal avgrensast til det som er strengt naudsynt og ta omsyn til andre brukarar og naturmiljø
7. Statens naturoppsyn v/Anne Rudsengen (tlf. 959 63 888) eller underteikna skal ha melding seinast dagen før flyginga skal gjennomførast
8. Jostedalsbreen nasjonalparkstyre skal ha skriftleg tilbakemelding innan 15.september 2026 med rapport om gjennomført flyging

Løyvet gjeld berre i høve verneforskrifta til Jostedalsbreen nasjonalpark. I saker som gjeld motorferdsle må alltid naudsynte løyve frå grunneigarar og kommune innhentast før flyging kan skje.



Saksopplysningar

Dokument i saka

- Søknad frå Falkeblikk AS om utviding av løyve til motorferdsel, datert 02.06.2026
- Tilleggsopplysningar frå Falkeblikk AS, datert 03.07.2026
- Tilleggsinformasjon frå Falkeblikk AS, datert 02.06.2026
- Utvalssak 16/26 – Jostedalsbreen nasjonalparkstyre

Søknaden skal handsamast etter

- Verneforskrift for Jostedalsbreen nasjonalpark av 25.oktober 1991
- Naturmangfaldlova av 19.juni 2009
- Forvaltningsplan for Jostedalsbreen nasjonalpark av 1994, oppdatert utgåve mars 2002
- Besøksstrategi for Jostedalsbreen nasjonalpark 2021-2027

Søknaden

Falkeblikk AS fekk 12.mai 2026, i utvalssak 16/26, løyve til lågtflyging med helikopter ved Bøyabreen i Jostedalsbreen nasjonalpark, i samband med filming av ein panoramafilm til bruk på Brævasshytta. Dei fekk løyve til inntil 5 turar frå Brævasshytta opp Bøyabreen til breplataet tur/retur. Etter å ha jobba meir med filmprosjektet har dei kome til at det av fleire grunnar vil vere ønskjeleg å flyge og filme ein trasé til. Dei søker difor om utvida løyve til lågtflyging med helikopter.

Noko av bakgrunnen for ønskje om utviding av løyvet, er at helikopterselskapa som har erfaring med slike filmprosjekt har sett 5 timar som eit minimum på bestilling av helikopter til filmoppdrag. Dette er truleg om lag 2 timar meir enn dei treng for filminga opp Bøyabreen. Når dette var klart byrja Falkeblikk og oppdragsgjevar Brævasshytta å sjå på mogelegheit for meir filming som kan nyttast i prosjektet. Dei vil nytte noko av tida til filming utanfor nasjonalparken, men dei har og sett at seg ut ein trasé innanfor nasjonalparken som dei meiner vil vere svært interessant å få filme for å kunne vise som panoramafilm på Brævasshytta.

Difor søker Falkeblikk Media v/Tore Lie om å utvide løyvet til motorferdsel i samband med filming i nasjonalparken ved Bøyabreen. I tillegg til traséen frå Brævasshytta og opp Bøyabreen til breplataet ynskjer dei å filme traséen frå Supphelledalen, opp Supphellebreen, over Flatbrehytta, over fjellkanten og ned mot Brævasshytta. Dei planlegg å filme 4 turar tur/retur på kvar av dei to traséane, til saman 8 turar tur/retur.

Litt om saksgangen

2.juni ringte Tore Lie frå Falkeblikk forvaltar for å høyre om det var mogeleg å få utvide løyvet noko. Sidan nasjonalparkstyret skulle ha møte veka etter, bad forvaltar om at Falkeblikk sendte ein epost med tilleggsopplysningar, slik at styret kunne drøfte saka og evt. gjere eit nytt vedtak i sitt møte 8.juni. Falkeblikk sendte tilleggsinformasjon same kveld, men forvaltar gløymde dessverre å ta opp saka i møtet i nasjonalparkstyret 8.juni.

22.juni purra Falkeblikk AS på for å høyre etter svar frå nasjonalparkstyret. Forvaltar tok 23.juni kontakt med Tore Lie og beklaga at saka var gløymd og dermed ikkje lagt fram for nasjonalparkstyret i deira møte, slik det var avtala. Forvaltar stilte samstundes nokre



spørsmål gjeldande helikopterselskap sin praksis når det gjaldt minimumstal timar ved bestilling av helikopter til filmoppdrag. Tore Lie sa han skulle sjekke litt meir opp i dette og kome tilbake til forvaltar med meir opplysningar før forvaltar kunne skrive saka.

3.juli tok forvaltar kontakt med Tore Lie for å høyre om dei hadde fått svar frå helikopterselskapet, og for å høyre når det ville vere aktuelt å flyge. Tore fortalde at helikopterselskapet hadde forklart kvifor det var minstebestilling på helikopter til filmoppdrag på 5 timar og at det var aktuelt å flyge så snart været vart lagleg, gjerne i slutten av komande veke, altså 9. eller 10.juli, noko som tilseier at saka hastar svært å få avgjort.



Figur 1 Kart som viser dei aktuelle flyge traséane i nasjonalparken

I Besøksstrategi for Jostedalsbreen nasjonalpark 2021-2027 er Bøyabreen og området ved Brævasshytta peika ut som eit av tre utkikkspunkt rundt nasjonalparken. Viser elles til saksutgreiinga i utvalssak 16/26 når det gjeld *Besøksstrategi for Jostedalsbreen nasjonalpark 2021-2027*



Heimelsgrunnlag

Verneforskrifta

Føremålet med nasjonalparken er:

- *å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høgfell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand*
- *å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging*
- *å verne om kulturminne og kulturlandskap*

Verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark av 25.10.1991 har eit generelt forbod mot motorferdsel i nasjonalparken, inkludert landing med luftfartøy og lågtflyging mindre enn 300 meter over bakken (verneforskrifta pkt. IV, 4.1). Det er ikkje spesifisert unntaksregel for motorisert ferdsel i samband med denne type aktivitet, og søknad om dispensasjon må difor handsamast etter den generelle dispensasjonsheimelen i punkt VI, dvs. vurdering etter naturmangfaldlova (NML) § 48.

Forvaltningsmyndigheita – her nasjonalparkstyret - kan gjere unntak frå eit vernevedtak dersom det ikkje strir mot vernevedtakets føremål og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, jmfør Naturmangfaldlova § 48, 1.ledd.

Dersom desse to vilkåra er oppfylte er det opp til forvaltningsmyndet sitt skjønn, innanfor rammene av alminneleg forvaltningsrettslege reglar og retningslinjer, og instruksar frå overordna mynde, å vurdere om det skal gjevast dispensasjon. Forvaltningsmyndet bør særleg vurdere konsekvensane av ein dispensasjon, til dømes om det kan kome liknande søknadar på same grunnlag. Dispensasjon etter nml. § 48 kan ikkje brukast til å utvide den ramma som er trekt opp i vernevedtaket, men skal fange opp uføresette eller spesielle tilfelle som ikkje var vurdert på vernetidspunktet.

Verneforskrifta pkt IV, 4.3, 5. avsnitt skal leggjast til grunn for løyve etter verneforskrifta pkt. IV, 4.3, men det er òg naturleg at avsnittet er retningsgjevande for eventuelle løyve etter nml. § 48: *«Før eventuelt løyve vert gjeve skal trongen for transport vurderast opp mot moglege skadar og ulemper og i høve til eit mål om å redusere motorferdsla til eit minimum. Andre transportmetodar og kombinasjonar av fleire transportoppdrag skal og vurderast.»*

Dispensasjonsregelen i §48 set svært strenge krav for når ein dispensasjon eventuelt kan vurderast, men opnar for tiltak som *«ikke strider mot verneformålet og ikkje påvirker verneverdiene nevneverdig»*. Begge vilkåra må vere oppfylt. Dispensasjonen må heller ikkje gjevast om vilkåra er oppfylt. Skjønn og instruksar frå overordna mynde spelar også inn.

Motorferdsle er forbode i verneområdet, men i nokre høve er det naudsynt for å gjennomføre einskilde tiltak. Motorferdsel kan påverke både naturmiljøet og folk som er på tur. Likevel er påverknaden av helikopter avgrensa i tid og rom, og påverkar ikkje landskapet sin naturlege tilstand slik det er formulert i verneføremålet.

Tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging er ein del av verneføremålet i Jostedalsbreen nasjonalpark. For utøvarar av tradisjonelt friluftsliv er fråvær



av støy ein viktig kvalitet i nasjonalparken. Dette ligg til grunn for reglane som gjeld for motorisert ferdsel. Samstundes føreset den tilsikta bruken og opplevinga av områda i ein del tilfelle at det vert gjeve høve til motorisert transport, t.d. i samband med vøling av bygningar og til proviantering til stølshus og hytter som er viktige for friluftslivet. Såleis er det føresett ei kritisk vurdering av kva som skal reknast som naudsynt motorferdsel, slik at den ønskete bruken av området kan halde fram, samstundes som omfanget av motorferdsel vert halde på eit lågt nivå.

Etter naturmangfaldlova (nml) § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde som kan påverke naturmangfald, og det skal gå fram av avgjerda korleis desse prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Forvaltningsplan

Forvaltningsplan for Jostedalsbreen nasjonalpark (1994) er rettleiande for forvaltninga sitt arbeid. *Kap. 7.3.9 Motorferdsel pkt. h)* gjev følgjande føringar for motorferdsel i samband med mediaoppdrag:

Transportbehov for mediaoppdrag skal handsamast etter den spesielle unntaksparagrafen i verneforskrifta (pkt. VI) og vil bli vurdert konkret. I utgangspunktet vil berre ikkje-kommersielle tiltak som utgjer særlege tilfelle og med innhald i tråd med føremålet med vern, som t.d. opplysningsfilmar om verneområdet få løyve. Reklamefilmar, spelefilmar og liknande. bør leggjast andre stader utanfor nasjonalparken.

Forvaltningsplanen er i utgangspunktet streng når det gjeld transport i samband med oppdrag for media, men er mindre streng når det gjeld ikkje-kommersielle tiltak med innhald i tråd med føremålet med vernet, t.d. opplysningsfilmar om verneområdet.

Presedens

Det er viktig å merke seg at dispensasjonsregelen i nml § 48 ikkje kan brukast for å utvide rammene gjeve i vernevedtaket, så det er svært viktig å vurdere presedensverknaden nøye. Prinsippet om likebehandling gjer at det kan bli vanskeleg å sortere mellom dei mange aktørane som ønskjer å filme innan nasjonalparken. Kommersielle produksjonar som krev bruk av motoriserte hjelpemiddel vert fortrinnsvis lagt utanfor verneområdet.

Enkelte gonger kan det vere vanskeleg å finne ein lokalitet som gjev det rette uttrykket eller det kan vere særlege tilhøve som gjer det vesentleg å nytte spesielle lokalitetar innanfor vernegrensa.

Det viktig å unngå at det på sikt blir så mange unntak at det utholar forbodet som er tydeleg uttrykt i verneforskrifta for nasjonalparken.

I vurderingane må det leggjast vekt på om dei aktuelle områda toler den potensielle marknadsføringa som filmen kan bidra til, og om filminga i seg sjølv vil gå vesentleg ut over verneverdiane. Vi må også sjå på om det planlagde innhaldet i filmen formidlar området på en måte som er i tråd med bruken av verneområdet. Filmene kan altså ikkje vise motoriserte aktivitetar, men avgrensast til aktivitetar som kan skje innan rammene for vernet



Vurdering

For at ein skal kunne gje løyve etter naturmangfaldlova § 48, 1. ledd, må tiltaket ikkje stride mot verneføremålet og ikkje påverke verneverdiane nemneverdig.

Det vert vurdert at omsøkt tiltak ikkje er i strid med verneføremålet eller verneverdiane og at den generelle dispensasjonsbestemmelsen etter § 48 i naturmangfaldslova kan brukast.

Søknaden gjeld eit prosjekt som tek sikte på å kunne gje dei besøkande på Brævasshytta ei ny oppleving av breen.

Området ved Bøyabreen er årleg besøkt av om lag 80-100 tusen turistar. Området er tilrettelagt for å kunne ta i mot mange tilreisande. Dei fleste som besøker Bøyadalen nyttar området frå riksvegen og inn mot Brevatnet. Ein liten del av dei besøkande utøver tradisjonelt friluftsliv i form av turgåing på enklare stiar og i terrenget. Helikopterflyging i Bøyadalen ein dag i løpet av sommaren vil venteleg forstyrre få utøvarar av tradisjonelt friluftsliv, men dei tilreisande turistane ved innfallsporten vil verte påverka av helikopterstøy i kortare periodar.

Bøyadalen har sidan lenge før nasjonalparken vart skipa vore eit viktig besøksmål for tilreisande. I besøksstrategien for Jostedalsbreen nasjonalpark er Bøyabreen peika på som ein av innfallsportane der naturen og verneverdiane toler auka aktivitet og besøk. Tilrettelegging for og kanalisering av fleire turistar til innfallsporten ved Bøyabreen vil kunne redusere uheldig slitasje andre stader rundt nasjonalparken.

Rovfugl og villrein er særleg utsett under som hekking og kalving. I følgje Naturbase (05.05.2026) er området ved Bøyabreen er ikkje eit viktig område for villrein. Her er heller ikkje kjente hekkelokalitetar for rovfugl eller andre raudlista fugleartar som vil verte uroa i hekketida. Kunnskapsgrunnlaget jamfør naturmangfaldslova § 8 vurderast til å vere tilstrekkeleg.

Filmen som skal lagast skal brukast for å gje dei tilreisande til Bøyadalen og Brævasshytta ei oppleving av naturen i nasjonalparken. Filmen vil kunne trekkje fleire besøkande til Bøyabreen, og med det auke den lokale verdiskapinga knytt til nasjonalparken utan at dette går ut over verneverdiane i nasjonalparken. Dermed vil filmen kunne vere med å innfri nokre av målsetjingane i besøksstrategien, ved å styrkje Bøyabreen som ein viktig og godt tilrettelagt innfallsport.

Påverknaden på verneverdiane ved å flyge opp og ned ved Bøyabreen og Supphellebreen med helikopter inntil 8 gonger i løpet av ein dag, er minimale isolert sett. Men ei samla belastning skal vurderast ut i frå om løyve denne gongen kan skape presedens, og på den måten bidra til ei gradvis utholing av verneforskrifta gjennom dispensasjonspraksisen i verneområdet.

Det kjem nærast kvart år spørsmål om å bruke helikopter til spektakulære foto- og filmopptak til bruk i film/Tv-produksjon og kommunikasjons- og PR-prosjekt. Difor meiner nasjonalparkforvaltar at flyging som skal marknadsføre produkt der naturen og verneområdet er kulisse, skal filmast utanfor verneområdet. Denne søknaden gjeld filming der Bøyabreen er meint å vere meir enn ei kulisse. Målet med filmen er å lage eit opplevingsprodukt der dei besøkande får ei oppleving av å flyge med varmluftsballong opp Bøyabreen. Breen og



nasjonalparken er då ikkje ei kulisse, men eit hovudprodukt som kan opplevast av mange utan negative konsekvensar for verneverdiane i nasjonalparken. Om det skal lagast ein film som skal gje sjåarane ei oppleving mellom anna av å flyge opp Bøyabreen og Supphellebreen i luftballong så er det vanskeleg å sjå føre seg at denne kan filmast andre stader enn ved desse breane.

Føre-var-prinsippet (§ 9) tilseier at det vert ført ein streng praksis når det gjeld motorferdsel i verneområdet. Bruk av helikopter til filming vil medføre noko støy ein kort periode, men blir ikkje vurdert å gje nokon innverknad på naturmangfaldet. Sidan filminga denne gongen er spesifikt knytt nokre stader ved nasjonalparken, Bøyabreen, Brævasshytta, Supphellebreen og Flatbreen, og er med å innfri viktige målsetjingar i Besøksstrategien for Jostedalsbreen nasjonalpark vurderer forvaltar det som lite sannsynleg at eit løyve til filming vil skape uheldig presedens (§ 9), og det vil heller ikkje føre til ein større samla belastning på økosystemet (jf. naturmangfaldslova § 10). Nasjonalparkforvaltaren vurderer at naturmangfaldslova sin § 11 ikkje er relevant i denne saka.

§ 12 Miljøforsvarlige teknikkar og driftsmetode: Bruk av helikopter til filminga er sett på som den mest hensiktsmessige sidan det vil vere vanskeleg å gjennomføre med drone på grunn av dei store høgdeskilnadane og manglande sikteline. Den planlagde filmproduksjon vil ikkje kunne gjennomførast utan avgrensa bruk av helikopter.

Konklusjon:

Nasjonalparkforvaltaren vurderer vilkåra i naturmangfaldslova § 48 om at tiltaket ikkje skal vere i strid med verneføremålet, og ikkje kunne påverke verneverdiane nemneverdig, til å verte oppfylte. Nasjonalparkforvaltaren konkluderer difor med at søknaden kan gjevast dispensasjon på visse vilkår.

Forvaltningsplanen føreset i utgangspunktet at alle kommersielle filminnspelningar som krev motorisert ferdsle bør leggjast utanfor verneområdet. Det er likevel fleire grunnar til at panoramafilmen til bruk på Brævasshytta bør få dispensasjon frå forbodet mot motorisert ferdsel for å kunne gjennomføre eit avgrensa tal flygingar i løpet av ein dag. Potensialet for lokal verdiskaping er stort, samstundes som aktiviteten vil ha liten innverknad på verneverdiane. Sjølv om talet flygingar vil auke frå 5 til 8 vil det verte flyging i eit avgrensa tidsrom, men ingen varige spor. Føresett att scenane som vert spelt inn ikkje viser motorisert aktivitet, kan filmen profilere nasjonalparken og naturverdiane i området på ein positiv måte. Ulempene for andre brukarinteresser vert vurdert som minimale.

Forvaltar vurderer at vedtak i utvalssak 16/26, gjort 12.05.2026, bør opphevast og nytt og utvida løyve til motorferdsle i samband med filming ved Brævasshytta og Flatbreen kan gjevast slik at Falkeblakk kan få filme langs to ulike traséar og få utvida tal turar frå 5 til 8.